

**Fra:** Audun Heggstad <heggstad@tryggtrafikk.no>

**Sendt:** 06.03.2023 13:54:42

**Til:** Kjetil Eikefet <kjetil.eikefet@modalen.kommune.no>, Postmottak Modalen <postmottak@modalen.kommune.no>

**Kopi:** ann.jorunn-f@hotmail.com, Postmottak Modalen <postmottak@modalen.kommune.no>, nestas <nestas@tryggtrafikk.no>

**Emne:** Modalen kommune som Trafikksikker kommune informasjon om ordninga mm.

---

### Til ordførar Kjetil Eikefet!

Trygg Trafikk Vestland sender deg litt informasjon om godkjenningsordninga Trafikksikker kommune som eg jobbar primært med i Vestland.


Regionleiar i Trygg Trafikk Vestland Knut Olav Nestås sa han har hatt samtale med deg om denne ordninga så eg vil følge opp her og gje deg og kommunen meir informasjon ordninga. Trafikksikker kommune er ei nasjonal godkjenningsordning som Trygg Trafikk administrerer. Lokalt gjer vi dette i samarbeid med Vestland fylkeskommune.

For å bli ein Trafikksikker kommune er der nokre kriteria som må oppfyllest. Sjå vedlegg og lenke.

Eitt av kriteria er mellom anna at kommunen har ein gjeldande Trafikktryggingsplan. Slik vi og fylkeskommunen har registrert har ikkje Modalen kommune ein gjeldande Trafikktryggingsplan. Det er mogeleg de er i gang med ein slik plan.

Vi legg også ved Trygg Trafikk sin mal for slike planar i tillegg til Vestland fylkeskommune sitt Handlingsprogram for trafikktrygging 2022-2025 der Trafikksikker kommune er eit satsingsområde i Vestland.

<https://www.tryggtrafikk.no/opplaering/trafikksikker/>



**Trafikksikker kommune**

Trafikksikker kommune - Godt trafikksikkerhetsarbeid gir kommunen bra omdømme, trygt lokalmiljø, mindre skader og fornøyde innbyggere.

[www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no)

Vonar dette er av interesse for Modalen kommunen.

Ordninga er gratis for kommunane og Trygg Trafikk stiller gjerne i kommunen og kan gje meir informasjon om trafikktrygging og til hjelp med utarbeiding av ein Trafikktryggingsplan om de vil lage ein slik.

Høyrer gjerne frå deg så stiller vi opp.

Venleg helsing

**Audun Heggstad**

*Spesialrådgjevar -Trafikksikker kommune*

**Trygg Trafikk Vestland** | Askedalen 4, 6863 Leikanger |  
[heggstad@tryggtrafikk.no](mailto:heggstad@tryggtrafikk.no) | Mobil: 952 37 438 | Org.nr.: 970 133 410  
[www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no) | Følg Trygg Trafikk på [Facebook](#) og [Instagram](#)